

GasTech

GAZETTE

NR. 3



www.gastech.no

 Shell GAS

LEIAR

Gass – framtidas energikjelde



Hans Kristian Ulvestad, dagleg leiar/teknisk sjef
Magne Kolstad, økonomi/markedssjef

Norske politikarar er særpassive med innanlands bruk av gass. Kvifor?

Dei er samstundes særstaktiv i å pumpe opp mest mogeleg gass og olje frå Nordsjøen, for å selje denne nedover Europa. Gass er faktisk noko av det mest miljøvennlege brenslet vi har i dag.

Du kan bruke det til matlaging, drivstoff for bilparken vår, oppvarming til bustad og industri samt som i produksjonsprosessen for framstilling av ulike produkter.

Gass kan i dag erstatte forureinande oljekjelar, både i større og mindre bygg.

Norge er ikkje lenger sjølvforsynt med straum. Vi er difor avhengig av å importere straum produsert av kolkraft eller atomkraft i utlandet?

Kvifor ikkje gjere oss meir uavhengige av denne kraftimporten, både ved å utføre ENØK-tiltak, samt nytte seg av andre energikjelder.

Når straumprisen i Norge no byrjar å nærme seg ei krone per KW/t er det veldig mange som reagerer.

Lenger sør i Europa har dei vore vane til slike straumprisar i mange år. Dermed har dei gjort seg meir uavhengige av straum, og nyttar i større grad naturgass i staden.

I Norge likar vi å snakke om at vi tenker på miljøet, men kva vert eigentleg gjort for det?

I Sverige har dei vore nøydde å tenke alternativt i mange år, sidan dei ikkje har slike olje- og gassførekommstar som i Norge.

Der gjer myndighetene veldig mykje for at du til dømes skal køyre miljøvennleg. Vel du å køyre ein bil som kan gå på biogass får du 10 000 kroner i støtte frå staten. Du får også gratis parkering i storbyar, gratis passering av bom, og sist – men ikkje minst – om du kører firma-bil får du trekke av 40 prosent av firma-bilkostnadane på skatten.

Noko å tenke over for Stoltenberg, han har jo som mål at vi i framtida skal leve eit karbonnøytralt samfunn.



Fyllestasjonar i Sogn og Fjordane

Gas Tech bygger ikkje berre om bilar til gassdrift. Vi jobbar også med gjere gass til bilane vi bygger om meir tilgjengelag.

I Førde har vi hatt fyllestasjon for propan/autogass, sidan 2000. I løpet av våren 2008 opnar vi ein ny stasjon utanfor våre lokale i Førde.

I tillegg jobbar vi med å få på plass eit nett av fyllestasjonar i Sogn og Fjordane.

Vi har allereie på plass stasjonar i Sogndal og Flørø, som begge har vore i

drift om lag eit år til no. Desse er no utrusta med kortterminal, for å betre tilgangen for kundar. No kan du fylle gass dogett rundt.

Høyanger er den nyaste stasjonen i nettverket vårt. Der hadde vi nyleg opning. Også denne stasjonen har sjølv sagt kortterminal.

Det blir også jobba for å få på plass ein stasjon i Nordfjord.

Gas Tech fornyar



Katrine Hove er den som møter deg i butikken. Ho kan by på ein frisk og tiltalande butikk, som har fått større grillavdeling og eigen hytteavdeling, i tillegg til vår koselege kjøkken/stoveavdeling.



Endeleg kortterminalar på plass

Ein viktig del av jobben med å selje gass til kundar er å vere tilgjengeleg. Ein lyt ha fyllestasjonar, og kunden må ha høve til å betale for gassen.

Gas Tech har jobba i fleire år for å få kortterminal i samband med våre fyllestasjonar for gass. Det er viktig å vere tilgjengeleg for kunden 24 timer i døgnet, og vere tilgjengleg via ulike korttypar: Rabattkort, BankAxept, Visa, Mastercard og så vidare.

Då Gas Tech kom i kontakt med danske CityElteknik fann vi endeleg ei betalingsterminal som stetta krava våre, og fekk agentur for Norge. Dei første 5-6 terminalane er alt i gang.

– Dette er den første EMV-godkjende betalingsterminalen for drivstoff i Norge, seier Magne Kolstad.

EMV er ein internasjonal standard for dei nye bankkorta med chip i,

som er på full fart inn i marknaden for betalingskort.

– Slike terminalar blir det påbod om i 2009. Det er hovudårsaka til at vi har valt å bruke så mykje tid på det, seier han.

I same slengen blir det ei ny sat-sing for Gas Tech.

butikken i Førde

Etter at Gas Tech flytta inn i nye lokale i Førde i 2006 har vi hatt ein heilt anna butikk å by kundane våre på. No hevar vi oss endå eit hakk, og friskar opp butikken.

Butikken og ombygginga er det Kathrine Hove som er ansvarleg for.

– Det er fleire årsaker til at vi bygger om butikken. Først og fremst handlar det sjølvagt om at vi har lyst å by kundane våre på ein triveleg og innbydande butikk, som gjev lyst til å handle fordi den viser fram vareutvalet vårt på ein god måte, slår ho smilande fast. – I tillegg hadde vi lyst å utvide sortimentet vårt, og få betre fram enkelte område av det vi driv med.

Fire delar

Butikken som møter kundane er delt i fire soner.

– Inngangspartiet er det første som møter kunden. Der vi vil vise fram varer etter sesong. Innanfor, i den midterste delen av lokalet, har vi bygd opp ei ny og betre grillavdeling der vi viser fram eit breiare utval enn før frå vår leverandør Weber. Her fører vi ein del varer som gjev høve til meir avansert grilling enn standarden med pølser og kotelettar: Grilling av pizza, brød, spydgrilling av kylling, fisk, grønsaker, taco, steiker osv. Ein kan grille det meste, seier ho.

Til venstre finn du bustadavdelinga.

– Lengst til venstre finn du vår koselege bustadkrok, der ein kan sjå på utvalet vårt av peisar, gasstoppar og komfyrar.

Går du til høgre oppdagar du at Gas Tech har bygd ei hytte i hjørnet av butikken.

– Her er tanken å vise kundane korleis systemet er bygd opp, på ein slik måte at dei skjørnar



Et liten del av vår nye grillavdeling. Her finn du alt du treng for å heve grillinga til eit heilt nytt nivå.

det enkelt og greitt. Her ser ein eit snitt av ei eit kjøkken og bad, som viser fram korleis gassen leverer varme og energi til desse romma, seier ho.

– Og så viser vi fram utvalet vårt av utstyr til hytta. Både det som går på gass, som komfyr, koketoppar og kjøleskap, men også solstraumpakk, dusjar og toalett for å nemne nokre, seier Hove.

Taktekkar

I tillegg er ein liten del av butikken via industri-verktøy.

– Vi sel verktøy til profesjonell taktekking av merket Sievert. Det høver også for andre som har behov for å lodde, krympe, brenne eller bende rør, avsluttar Hove.

Gas Tech Førde



Bak frå venstre: **Frank Morten Bale Ole Nikolai Løbø Monrad Kolstad Harald Sindre Berge Hans Kristian Ulvestad**
Framme frå venstre: **Torbjørn Feldt Elin Helgås Aase Kathrine Hove Endre Johnsen (Magne Kolstad)** var ikkje til stades då biletet vart tatt.

Gas Tech i tal

Magne Kolstad har oversikta over tala i selskapet. Gas Tech har i dag 15 tilsette, og omset for nesten 2 millionar kroner per tilsett.

– I fjor omsette vi for cirka 29 millionar kroner, så målet er å krysse eit godt stykke over 30 millionar kroner i inneverande år. Målsetnaden er å klare 35 millionar kroner, slår Kolstad fast.

Med utviklinga dei siste åra er det liten tvil om at salsavdelinga vil nå det målet.

– Vi reknar i hop kor mange gasspeisar vi har sett sidan vi byrja. Med smått og stort passerte vi 600 totalt, konstaterer Kolstad med eit smil. – Målsetnaden er å passere 1000 totalt i år, då reknar vi med både monterte og ordreservar.

HEIM

Kolsyremaskin

• Med kolsyremaskina fra WasserMaxx forvandler du kranvatnet ditt heime til ei friskt og godt, perfekt kolsyreholdig vatn på få sekund – med eit enkelt knappetrykk!



KR 1.099,-



Kolsyrepator

• AGA kolsyreflaske 300g

KR 250,-

EG BRUKAR GASS

1 Kvifor valde du gass som drivstoff?

2 Kor fornøgd er du med gass som drivstoff?

Tor André Balevik,
Balestrand



- Eg valde å bygge om min Saab 9000 CSE til gassdrift, fordi gass som energikjelde er miljøvennlig, økonomisk og innovativt. Økonomi var det viktigaste momentet for meg. Eg kører mykje. Sidan eg bygde om bilen i november 2007 har eg kjørt cirka 15000 km. I løpet av året blir det fort 40 000 km køring, så eg reknar med å spare inn ombygginga på under to år med dei prisane som er no. Grunnen til at eg valde Gas Tech, er at dei er veldig serviceinstilte. Gas Tech har lokal etablering og tilknyting, dei har marknadsteft og globalt perspektiv. Gas Tech har to leiarar som komplimenter kvarandre og har ein serviceinstilt og oppgående stab. Eg er ikkje raus med kompliment, men dei fortener ros!
- Eg har veldig bra erfaring med gass så langt. Spesielt etter at vi fekk stasjon for fylling av gass i Høyanger 12. mars. Det var den første stasjonen i ytre Sogn, som gjer det enklare å få fylt gass. Det einaste eg angrar på, er at eg ikkje bygde om bilen før.

HEIM

Gass er framtidas energikjelde både på stova og i kjøkkenet, og tilfredstiller alle krav moderne forbrukar måtte ha. Gass er moderne energi, som nyttast over heile verda.

Gas Tech peisar på

Ole. Nic. Løbø fortel gjerne kvifor gass er det riktige valet for deg.

– Gass kan ein bruke til oppvarming, til kos, til matlagning, til å forlenge sommaren på terrassen, til grilling og golvarmesystem med eigen varmtvasstank for tappevatn. Samstundes som det er løysingar som er snille med både lommebok og klimaet, lover Løbø.

Design og miljø

– Folk er veldig oppatt av design i dag, og etterspør produkt som er gjennomtenkte, dekorative og praktiske. Gasspeisane våre er møbelsmykke i seg sjølv, og sidan dei blir bygd inn i veggen er dei lette å integrere i ei moderne stove, seier Løbø. – I tillegg brukar ikkje gasspeisen av innelufta, så den påverkar ikkje den på noko måte.

Og det er mange fleire årsaker til å velje gass.

– Rekka av fordelar med moderne gasspeisar er lang: I tillegg til å sjå bra ut, er gasspeis ein lettvint måte å varme opp bustaden på. Ikkje noko styr som med ved, samstundes som du får kosen med levande eld, lover Løbø. – Og så får ein rask og presis regulering av temperaturen: I det du skrur ned slår varmen seg av, skrur du den på er den tilbake igjen. Med vedfyring tek det lang tid å bygge opp varmen, og lang tid å regulerer den ned, ein lyt gjerne lufta rett og slett. Med gass slepp du fyre for kråkene. Gass er nemleg energiøkonomisk. Den høge utnyttingsgraden gjev riktig bruk av energi, samstundes som lommeboka ikkje får problem.

Miljø

Det er ikkje berre lommeboka og du som har det bra med gass som varmekjelde.

– Miljøaspektet er viktig. Av dei fossile brensla er gass det mest miljøvennlege. Så godt som ingen utslepp. Det er så rein forbrenning at det berre vert litt CO₂ att, i motsetnad til oljefyring. Det gjer godt for miljøet at vi no jobbar med å bytte ut alle oljekjelar med gasskjelar. Det er heller ikkje noko sot



Ole Løbø kosar seg føre ein av våre flotte gasspeisar. Ole hjelpt deg blant anna med å skaffe den rette peisen.

og partikkelutslepp med gass, som ein får av vedbrenning. Dermed slepp ein den lokale forureininga av lufta også. Når ei klynge på 100 hus fyrer med ved merkar ein det på lufta, seier Løbø.

Allergivennleg

Gass er også bra for dei som slit med astma og allergi.

– Vi leverer utstyr til vassboren golvvarme. Det fører til at du slepp plage med stov som vert brent og virvla opp, slik som frå mange elektriske panelomnar. Difor tilrår Norges Astma- og Allergiforbund vass-

boren golvvarme, seier han.

Ein gasspeis bidreg til ein vakrare og meir triveleg heim.

– Gasspeis og andre gassinstallasjonar er eksklusive produkt, som hevar verdien av heimen din. Erfaringa vår viser at når ein har eit hus med full gassinstallasjon, f.eks. gasspeis, gasstopp på kjøkkenet, vassboren varme frå gasskjel, uttak til grilling på terrassen og gjerne terrassevarmar, så aukar det verdien på bustaden, og gjev ein reell salseffekt når ein skal selje bustaden, avsluttar Løbø.

Frå olje til gass

Kjell Aga Ulvestad og kona Marilyn Ulvestad valde i fjor å bytte ut den gamle oljefyren i huset sitt frå 1950 med nytt gassanlegg. Eit val dei ikkje har angra på.

– Oljekjelen vår var så gammal at det sto stempla Christiania på han, seier han og ler. – Den hadde stått her sidan tidenes morgon, så det var på høg tid å skifte den ut. Den bråka, brukte mykje olje og hadde dårleg utnyttingsgrad. I tillegg var vi bekymra over levetida til tanken som låg gravd ned på utsida av huset. Så vi måtte gjøre noko.

Med ei kone frå gasslandet England var ikkje gass noko framand alternativ.

– Gass var eit veldig naturleg alternativ for oss. Det er ei rein energiform som tek større omsyn til miljøet enn olje, den er billegare enn olje og den er enkel, trygg og grei i bruk. Vi kan natt og dagregulere temperaturen og om sommaren kan ein for eksempel berre varme vatn med det, slår han fast.

Røyropplagget til det gamle oljeanlegget resirkulererte dei.

– Det nye gassanlegget er kopla på dei gamle røra til oljefyren i huset, og vi brukar også dei gamle radiatorane, seier han. – Det hele gjekk rimeleg smertefritt, og vi er veldig nøgde. Gas Tech har vore imøtekommende og hyggelege. Det har vore nokre småting som har teke litt tid å få på plass, men ikkje noko som har påverka oppvarminga av vatn og hus, seier han.

– Er du nøgde med gass som energikjelde?

– Vi er veldig nøgde. Gasskjelen er så godt som lydlaus, og vi sparer pengar. Prisen på gass har stege litt sidan vi bestemte oss, men vi går godt i pluss, seier han.

I Europa er det vanleg med gass til både oppvarming og matlagning.

– Vi har tenkt på det, og vi er jo vant med matlagning på gass sidan kona er frå England. I dag bruker vi gasskjelen til oppvarming av hus og varmvatn. Men vi har mogelegeheitene var å kople på gasskomfyr på kjøkkenet, vi kan få gasspeis i



Kjell Aga Ulvestad og kona Marilyn Ulvestad er godt nøgde med gass som energikjelde.

stova, gassgrill på terrassen og slike ting etter kvart, og det er noko vi seriøst vurder, avsluttar Aga Ulvestad. – Desse mogelegeitetene var også ein av grunnane til at vi valde gass.



HEIMI

**SL350 m/svart skifer**

• **Forbruk kW: 4,3–5,5**
Den har eit stort og flott flammebilete, og sjølv om peisen tar liten plass i rommet varmar den godt med sin høge verknadsggrad. Kan også leverast med enkel fjernkontroll for termostatstyring eller veggtermostat m/vekeprogram, stillegåande vifte og ulike omrammingar etter kundens behov.

FRÅ
KR 17.900,-

3-sida & vinkel

• **Forbruk kW: 7,5–9,9**
Denne peisen bør stå midt i rommet og nytast frå tre kantar. Denne spennande og innovative gasspeisen vert leveret som 3-sida, gjennomgåande eller som vinkel. Kan også leverast med enkel fjernkontroll for termostatstyring eller veggtermostat m/vekeprogram, stillegående vifte og ulike omrammingar etter kundens behov.

FRÅ
KR 29.350,-

Soho med svart front

• **Forbruk kW: 2,4–3,4**
I mindre leileigheter kan det fort bli for varmt. Derfor er denne vesle luringen laga for å avgje mindre varme. Med djupne på berre 29 cm, er det ingen sak å finne plass til ein Soho. Kan også leverast med fjernkontroll for termostatstyring og timerfunksjon

FRÅ
KR 25.390,-

Paloma grått glas, golvmodell

• **Forbruk kW: 4,3–5,5**
Dette er ein kompakt gasspeis som kan plasserast nær sagt kor som helst. Den krev minimal golvplass og gir inn i alle slags miljøet. Den treng ikkje innbygging og monteringstida vert derfor minimal. Kan også leverast med fjernkontroll for termostatstyring/timerfunksjon og golplate i grått glas (Glasa vert også levert i grønt).

FRÅ
KR 28.900,-

**Flatline K6**

• **Effekt kW: 2,4–6**
Med denne gasspeisen kan du regulere det meste frå sofastrukken. Med marknadens beste fjernkontroll, styrer ein termostat, programmerbart dag/vekeprogram, viftestyring, effekt/flammehøgda. Fjernkontroll, vifte og valfri innreiing i peisen som kvite kulesteinar, grå kulesteinar eller vinranke er inkludert i prisen.

FRÅ
KR 17.900,-

Maxi Flame K109

• **Effekt kW: 2,4–6**
Med denne gasspeisen kan du regulere det meste frå sofastrukken. Med marknadens beste fjernkontroll, styrer ein termostat, programmerbart dag/vekeprogram, viftestyring, effekt/flammehøgda. Fjernkontroll, vifte og valfri innreiing i peisen som kvite kulesteinar, grå kulesteinar eller vinranke er inkludert i prisen.

FRÅ
KR 48.980,-

Spa Brabant K45MD

• **Effekt kW: 2,4–6**
Eleganse får du med denne gasspeisen, med innsyn eksempelvis frå stova og kjøkkenet, då denne peisen er 2-sidig. Med marknadens beste fjernkontroll, styrer ein termostat, programmerbart dag/vekeprogram, effekt/flammehøgda. Fjernkontroll og valfri innreiing i peisen som kvite kulesteinar, vinranke eller grå kulesteinar er inklusiv i prisen.

FRÅ
KR 45.700,-

Widescreen KT 150

• **Effekt kW: Opptil 9 kW**
Eksklusivitet får du med denne gasspeisen, 1,5 meter bredde på flammebilete. Denne peisen lar seg montere i forholdsvis store rom, stove, lobby resepsjonar etc. Med marknadens beste fjernkontroll, styrer ein termostat, programmerbart dag/vekeprogram, effekt/flammehøgda. Fjernkontroll og valfri innreiing i peisen som kvite kulesteinar, vinranke eller grå kulesteinar er inklusiv i prisen.

FRÅ
KR 81.000,-

NORDPEIS

Nordpeis N21

• **Effekt kW: 2,5–5**
Med denne gasspeisen får du eit ekte kubbeoppsett med tydeleg flammebilete. Kan også leverast med enkel fjernkontroll for termostatstyring/timerfunksjon og ulike omrammingar etter kundens behov.

FRÅ
KR 20.600,-

Cubi Fire (small)

• **Effekt kW: 2,2**
En litt annleis gasspeis, med innsyn frå 2- og 4 sider. Monterast anten på vegg eller i soyle. Kan også leverast med enkel fjernkontroll for termostatstyring/timerfunksjon og ulike omrammingar etter kundens behov.

FRÅ
KR 24.500,-

**Ope gassbål**

• Gassbål i ulike storleikar med forbruk frå 4,5–11 kW. Gassbål kan monterast etter kundens ønske og behov, anten i eksisterande gruve/peis eller som eit blikkfang midt i rommet. Med slike installasjonar må det takast høge for tilluft til forbrenninga og om nødvendig installasjon av røykgassvifte for å optimalisere trekken.

FRÅ
KR 12.000,-

EG BRUKAR GASS

1 Kvifor valde du gassinstallasjon?

2 Kor fornøgd er du med gass som energikjelde?

Rolf Thingvold

Har gasspeis-installasjon på Lindbøen.



1 Då eg kjøpte leilegheita mi på Lindbøen, var det allereie bestemt at det skulle brukast gass. Det er eg veldig glad for.

2 Eg er veldig nøgd med løysninga. Den gjev god komfort og rask varme. Eg har prøvd mykje, men ingenting kan måle seg med dette. I tillegg ser det fint ut.

Else Slettehaug

ved Håjen Kafe



1 Fordi det er enkelt og greit å koke med.

2 Eg er særskilt godt nøgd. Det er ei rimeleg løysning, og ein slepp å ha kokeplatene ståande på heile tida. Dei er varme når eg slår dei på og kalde når eg slår dei av. På eit stort kjøkken er dette praktisk, det vert ikkje så heitt der.

Roy Båtevik

Privathus på Vassenden med gasspeis installasjon og grilluttak på terrasse.



1 Vi ville ha fleire alternativer oppvarmingskjelder i tillegg til at vi ville ha moglegheit til å ha gassbluss på kjøkkenet.

2 Det fungerer bra. Det einaste problemet er at vi får nytta gasspeisen for sjeldan då varmepumpa sikrar jamm temperatur innandørs.



Cleng Rune H-Scheie viser stolt fram ein av Webers toppmodellar i butikken. Genesis heiter den, og den fyller dei fleste grillbehov du måtte ha.

Eksklusiv grilling

Brukar du ein av Weber sine grillar, vert kvart måltid eit spesielt høve. Kvalitet er stikkordet, og grillane er spesielt tilpassa det norske klimaet slik at du kan ha dei lenge.

Salskonsulent i Weber, Cleng Rune H-Scheie, kan fortelje at Weber har eit bredt sortiment innan grillar og tilleggsutstyr og at kvaliteten er høg.

- Vi har grillar innan ulike storleikar og prisar. Fordelen med ein grill frå Weber er at det er brukt førsteklasses råmateriale. Den er tilpassa norsk klima med mykje ruskevær, og vi har både porseleensemaljerte og rustfrie grillar. I tillegg produserer vi mykje ekstrautstyr som gjer arbeidet ved grillen lettare og resultatet betre.

Kjøper du ein Webergrill, er du sikra eit veldig bra garantiprogram.

- Vi har ei av dei beste garantiordningane

i bransjen, frå 5 til 25 års garantiprogram. Vi lagar grillar som forbrukarane skal vere nøgde med i mange, mange år. Einkvar gassgrill frå Weber er designa og produsert med tanke på at dei skal vare lenge. Alle våre grillar er laga av dei beste materiala og finessane, noko som gjev Weber sin dokumentert yteevne, kvalitet og haldbarhet. Kunden skal ha gode opplevingar når han brukar våre produkt med minst mogleg vedlikehald, seier H-Scheie.

Weber leverer alt frå små turgrillar til store, profesjonelle gassgrillar for storhus-haldning.

- Vi har eit vidt spekter. Weber Q-serien

til dømes, er skapt for å ta lite plass. Dei passar på stranda, i båten eller på ein liten terrasse. Grillane frå Weber er for alle. Frå dei som skal på piknik til proffe kokkar. Dei er enkle i bruk og samstundes robuste, kraftige grillar som tåler røff behandling. Alle Webers grillar er bygde for å kunne stå ute året rundt, slik at du kan grille både sommar og vinter. Vil du grille mykje i kveldagen, er det ofte ein fordel å ha ein gassgrill. Den vert tent med eit klikk og er klar på 5–10 minutt. Den ultimate grillopplevinga får du med ein Weber grill, avsluttar H-Scheie.



– weishaupt –

brennere og varmesystemer

Mer en 40 års erfaring med Weishaupt olje- og gassbrennere i Norge gjør oss til et naturlig valg

Ingeniørfirma
PAUL SCHWARTZ A/S
Oslo

Tlf: 22 51 14 00 Faks: 22 51 14 40
www.schwartz.as / pschwartz@pschwartz.no

GRILL

GASSGRILL ENKELT Å GRILLE KVAR DAG

GENESIS E-310

- 25-års garantiprogram
- 3 rustfrie brennarar – 12,3 kW/t
- Porselensemålert lok med fastmontert termometer
- Grillareal 66x50 cm
- Lukka vogn med lakkerte frontdører og rustfrie håndtak
- Enkel å montere

KR 8.995,-**GENESIS E-320**

- 25-års garantiprogram
- 3 rustfrie brennarar – 12,3 kW/t
- Porselensemålert lok med fastmontert termometer
- Grillareal 66x50 cm
- Lukka vogn med lakkerte frontdører og rustfrie håndtak
- Sidebrennar – 3,51 kW/t
- Enkel å montere

KR 9.995,-**GENESIS E-320**

- 25-års garantiprogram
- 3 rustfrie brennarar – 12,3 kW/t
- Porselensemålert lok med fastmontert termometer
- Grillareal 66x50 cm
- Lukka vogn med lakkerte frontdører og rustfrie håndtak
- Sidebrennar – 3,51 kW/t
- Enkel å montere

KR 9.995,-**GENESIS S-310**

- 25-års garantiprogram
- 3 rustfrie brennarar – 12,3 kW/t
- Rustfritt stållok med intergrert termometer og endestykke i aluminium
- Lukka vogn med dører og handtak i rustfritt stål
- Grillareal 66x50 cm
- Enkel å montere

KR 10.995,-**SUMMIT S-450**

- 25 års garantiprogram
- 4 rustfrie brennarar – 14,3 kW/t
- Sidebrennar under beskyttende lok – 3,51 kW/t
- Brennar med røykeboks – 2,34 kW/t
- Bakmontert infraraud grillbrennar 3,11 kW/t
- Rustfritt lok med termometer
- Grillareal 70x49 cm
- Enkel å montere

KR 20.995,-**GENESIS E-650**

- 25-års garantiprogram
- 6 rustfrie brennarar – 17,58 kW/t
- Sidebrennar under beskyttende lok – 3,51 kW/t
- Brennar ved røykeboks – 2,34 kW/t
- Bakmontert infraraud grillbrennar – 3,11 kW/t
- Grillareal 96x49 cm
- 6 rustfrie brennarar – 17,58 kW/t
- Porselensemåljer lok med termometer
- Enkel å montere

KR 28.995,-**WEBER Q120**

- 10-års garantiprogram
- Grillareal 42,5x32 cm
- Brennar av rustfritt stål – 2,64 kW/t
- Trinnaus regulering av varmen
- Bruker eingangs gassflasker
- 2 arbeidsbord med innebygde redskapskrokar som slåast inn ved transport
- Ferdigmontert på 5 min.

KR 1.895,- (Tralle kr 649,-)**WEBER Q220**

- 10-års garantiprogram
- Grillareal 39x54 cm
- Brennar av rustfritt stål 3,51 kW/t
- Trinnaus regulering av varmen
- 2 arbeidsbord med innebygde redskapskrokar som slåast inn ved transport (redskapane vert selt separat)
- Termometer i loket
- Ferdigmontert på 5 min.

KR 2.795,- (Tralle kr 649,-)**WEBER Q320**

- 10-års garantiprogram
- Grillareal 46x65 cm
- 2 brennarar i rustfritt stål 6,35 kW/t
- Innebygd termometer
- Trinnaus regulering av varmen
- 2 grillrister i porselensemålert støypejarn
- Stasjonær vogn med 2 arbeidsbord som kan brettast ned
- Integrert brødhaldar og lys i handtak
- Enkel å montere

KR 4.495,-**SPIRIT SP-310**

- 25-års garantiprogram
- 3 rustfrie brennarar – 11,0 kW/t
- Rustfrie rister
- Lok i rustfritt stål med fastmontert termometer
- Grillareal 61x44 cm
- Lukka vogn med rustfrie dører og grep, samt svartlakkerte sider og bakstykke
- Enkel å montere

KR 6.495,-**WEBER TILBEHØR**Grønnsakskorg
kr 349,-2-delt redskapssett
kr 399,-Trådlaustr termometer
kr 499,-Krydderset
kr 399,-Pizzastein
kr 329,-Kyllinghaldar
kr 349,-Shish kebab-sett
kr 299,-Grillbørster
Frå kr 99,-

BIL

BRCA er leverandør av bilgassanlegga Gas Tech installerer, og verdsleiar på marknaden for ombyggingssystem til gassdrift.



Ein Alfa Romeo med nærmare 300 hestekrefter bygd om til gassdrift.

BRCA - best i ve



Fabrikken til BRCA ligg nord i Italia, nokre timar frå metropolen Milano. I den idylliske landsbyen Cherasco skjuler det seg ein enorm fabrikk. 78 000 rutemeter, fordelt på ulike avdelingar som ligg ut over dalen. I fjar omsette selskapet for 98 millionar Euro.

Inne på fabrikken jobbar rundt 600 personar med å lage produkta som har gjort BRCA til marknadsleiar i verda på sitt felt: Ombygging av bilar til gassdrift.

Historie

Selskapet byrja på 60-talet. Borgetti Romano stifta selskapet i byen Cherasco, og brukte dei tre initialane til namnet. Selskapet vaks raskt fram til eit av dei leiande

selskapa innan konvertering av bilar til LPG og CNG. Selskapet MTM – Meccanica Tecnica Moderne – kjøpte opp BRCA, og fokuserte på BRCA som merkevarenamnet. Det store gjennombrotet for selskapet kom i 1991, då dei lanserte det første elektroniske forbrenningskontrollsystemet. Fem år seinare lanserte dei det første innsprøytingssystemet for gass.

Størst

I 2003 fusjonerte MTM – BRCA med amerikanske Impco, som er verdsleiar innan industriell bruk av gass, og danna ein gigant innan alternativt drivstoff.

– Vi er verdas største gruppe for alternativt drivstoff, seier Fabrizio Sattamino frå BRCA si marknadsavdeling. – Kvart år lagar vi omlag 500 000 einingar av dei ulike setta våre for ombygging av bilar til gassdrift. Vi sel slike sett til 60 land over heile verda. I tillegg bygger vi om bilar til gassdrift for bilfabrikantar. For kvart einaste skift rullar det mellom 40–60 bilar ut porten her. Totalt bygger vi om



Utsyn over BRC sitt fabrikkanlegg, som nesten fyller dalen under den vesle landsbyen Cherasco.



Ute står lange rekker med biler av ulike merke klare til å få montert gasskitt.



På fabrikken til BRC bygger dei om eit enormt tal bilar. Her får en gjeng frå Gas Tech omvisning blant dei nærmare 30 bilane som er under ombygging på denne linja.

rden på bilgass

3400 bilar per månad, slår han fast.

Samarbeidspartnerane er mange og kjende: PSA Peugeot-Citroën, Ford, Jaguar, DaimlerChrysler, MAN, Volkswagen, FIAT, KIA, Mitsubishi, Chevrolet, Subaru, Suzuki, Hyundai med fleire. Og så Gas Tech då.

– For oss var det ei heilt anna verd som opna seg då vi kom i kontakt med BRC i 2003. Vi såg med ein gong at dette var noko heilt anna enn leverandørane vi hadde vore i kontakt med fram til då. Dei har vore leiande heile vegen, og er alltid i front med ny teknologi, slår Magne Kolstad i Gas Tech fast. – Dei hadde, og har, godkjennings på sine system som ingen andre kan måle seg med. Sidan den gang har vi utrusta 3000 bilar med deira system. Det gjer oss størst i Norge, med ein marknadsdel på ca 70 prosent.



Testing av motorar på anlegget til BRC



Vekk med reservehul og inn med tanken.



Litt ekstra. Her får motoren selskap med eit gass-kitt.

Fakta LPG og CNG

LPG:

- står for Liquefied Petroleum Gas, på norsk «kondensert petroleumsgass»
- består hovudsakleg av propan/butan
- oppstår blant anna som biprodukt ved raffinering av råolje
- vert oppbevart ved omlag 6 bar. Det lave trykket gir enkel oppbevaring, fylling og infrastruktur
- Bruk av LPG gir eit lågare utslepp av CO₂, NOx, HC og CO enn bensin

CNG:

- er ei forkortelse for Compressed Natural Gas, på norsk «komprimert naturgass»
- består hovudsakleg av metan
- Naturgass trenger ikkje å raffinerast gjennom energikrevjande prosessar, i motsetnad til bensin og diesel
- vert oppbevart ved 200-250 bar. Det høge trykket resulterer i meir komplisert og dyr oppbevaring, fylling og infrastruktur
- Bruk av CNG gir langt lågare utslepp av CO₂, NOx, HC og CO enn bensin

EG BRUKAR GASS

1 Kvifor valde du gass som drivstoff?

2 Kor fornøgd er du med gass som drivstoff?

«Buffen» Buue

frå Høyanger,
president
for
AMCAR Norge.



1 – Det er i hovudsak tre grunnar til at eg valde gass: Økonomi, miljø og fordi det er kjempegodt for motoren.

2 – Eg er så fornøgd med å ha montert gassanlegg og å køyre på gass at eg burde gjort det for lenge siden. Eg bygde om bilen til gassdrift for to år sidan, det einaste eg angrar på er at eg ikkje gjorde det med same Gas Tech starta med montering av slike anlegg. Største årsaka til at eg ikkje gjorde det før er at det har vore for få fyllestasjonar i vårt distrikt, men no har dette komme seg veldig.

Charles
Litsheim, Førde.



1 – Det var hovudsakleg økonomiske motiv som gjorde til at eg bygde bilen min om til gass for halvtanna år sidan. I tillegg har bilen mindre utslepp av gassar som forureinar miljøet. Det var også ein medverkande faktor for meg.

2 Eg er veldig fornøgd med å bruke gass som drivstoff og eg har merka det på økonomien. Det kostar om lag det halve per fylling. Forbruket går litt opp på min bil, men det er uansett mykje billegare enn å køyre på bensin. Eg kører ein Chevrolet Suburban 6,0. Ved å bruke gass som drivstoff slepp eg å byte olje så ofte, så det er også ei innsparing på servicane for min del.



Gassmontør Raymond Simesen i full gang med å montere eit gasskitt.

På flyttefot i Oslo

Bilgassavdelinga til Gas Tech har inntil nyleg hatt tilhald på i Ensjøveien 5 i Oslo. Men 14. april byrja ei ny tidsrekning for Gas Tech. Då flyttar nemleg bilgassavdelinga til Alnabru, der dei blir nærmeste nabo til Smart Club.

Magne Kolstad viser gjerne fram dei nye lokalene, som vil bety ein enorm auke i kapasiteten til Gas Tech.

– I dagens lokale har vi plass til fire bilar i slengen på verkstaden vår. I dei nye lokalene, på 850 kvadratmeter, vil vi kunne bygge om ti bilar i slengen. Per i dag bygger vi om seks til ti bilar i veka til gassdrift, i dei nye lokalene blir den potensielle kapasiteten mange ganger høgare på grunn av blant anna meir fleksible lokale, seier han og held fram.

– Installerer vi samlebands drift her inne snakkar vi kanskje om så mykje som ei tidobling av kapasiteten. Vi er alt Norges største verkstad for gasskonvertering. Med dei nye lokalene styrkar vi den posisjonen, seier han.

Det er fleire årsaker til at Gas Tech flytta på seg.

– Vi har definitivt vakse ut av dei gamle lokalene. Flyttinga gjer vi både for å styrke posisjonen i Norge, og for å posisjonere oss i høve satsinga i Sverige, seier han.

Bilgassavdelinga er også sentrallager for forhandlarane deira.

– Frå Oslo styrer vi 23 forhandlarar rundt om i Norge. Bilgassavdelinga skal blant anna vere sentrallager for dei. Her får vi høve til å bygge eit større lager av BRC sine bilgass-system, som gjev oss meir stabilitet, seier Kolstad. – I tillegg satsar vi på å sette opp ein eigen fyllstasjon for Autogass her i Oslo.

Gas Tech Oslo



Forhandleransvarleg **Johnny Brustuen** **Torbjørn Lier** **Raymond Simensen** **Rune Gulliksen** **Anders Wold** **Marian Dobrowolski**, **Magne Kolstad**

Gas Tech satsar i Sverige

Dennis Staaf er ferskaste samarbeidspartnaren til Gas Tech. Han eig Miljøbilcenter, som sel miljøbilar til det offentlege og privatmarknaden i Sverige. Han sel fabrikkbrygde gassbilar, i Sverige er det nemleg ikkje lov å ettermontere gasskitt.

– Til tider var det å stange hovudet mot veggen å jobbe for å få godkjennung for ombygging i Sverige, seier Dennis Staaf.

Staaf og Gas Tech fekk kontakt gjennom Italienska Bil AB.

– Det var herleg å møte Gas Tech, og få presentert setta til BRC. Ei ferdig løysing som blir godkjent i Sverige frå 1. juli, seier han.

– Før 1. juli fekk ein ikkje godkjennung på ombygging av bilar til gassdrift i

Sverige. Men som første land i Europa skal Sverige implementere regulativ R 115. Kort fortalt betyr det at alle bilar må typegodkjennast for gassdrift, seier Kolstad.

I praksis betyr det at BRC vil styrke sin posisjon i marknaden.

– Dei fleste europeiske produsentane greier ikkje å levere produkt som tilfredsstiller krava, medan BRC sine blir godkjende, seier Kolstad.

Endringa opnar den svenska marknaden for Gas Tech.

– Vi er i gang med forgodkjenning opp mot Vägvärket i Sverige. Når R 115 trer i kraft er planen å ha klar ei flåte bilar for sal, i samarbeid med Miljøbilcenter og Italienska Bil AB, som er generalimportør av Fiat og Alfa Romeo i

Sverige. Vi satsar på å vere blant dei første som tilbyr ettermontering av gass-system på den svenska marknaden, lover Kolstad som har stor tru på nabolandet.

– Myndighetene har lagt alt til rette for vekst der, med storsatsing på stasjonar og økonomiske insitamenter for forbrukarar skal velje gassdrift. Potensialet i Sverige er i dag større enn i Norge, men vi håper sjølvsgåt at politikarane i Norge vaktar og ser dette potensialet i å satse for fullt på gass, seier han.

– Kva er målet med satsinga i Sverige?

– Vi håpar på å bygge om 1000 bilar i Sverige i 2009. Det same vi siktar mot i Norge i 2008. Friske mål, men vi trur det skal gå, seier Kolstad.



Fiat 500



Dennis Staaf på Miljøbilcenter.

BIL**GASSINSTALLASJON****VI KAN INNSTALERE GASS I ALLE BENZINBILAR – HER ER NOKRE DØME:****4 cylindra**

Fiat Bravo

www.fiat.no



Subaru Legacy

www.subaru.no

5/6 cylindra

Jeep Grand Cherokee

www.cjd.no



Honda Ridgeline

www.wagen.no

8 cylindra

Chevrolet Tahoe

www.bergheim.no

KR 35.900,-**KR 24.900,-****KR 28.900,-****Flash Lube
ventilsmøringssystem**

Flash Lube elektronisk ventilsmøringssystem for gassbilar.

KR 1.990,-**Flash Lube
smøreolje****KR 498,-** 2,5 liter**KR 898,-** 5 liter

Frå kr

515
pr. liter

Med etterhald om trykkfeil og prisjusteringar

UTBYGGINGA
HAR STARTA!**BU BETRE PÅ FØRDEN SOLSIDE****SUKSESSEN HELD FRAM! VIE SØR TUN 4**

- Sol fra morgen til kveld ▪ Like ved Sentralsjukehuset, handelshus og barnehage
- Leilegheiter frå 58m² - 122m² ▪ Livsløpsstandard og energisparande bustader

Les meir på www.gravdal.no

Gravdal Prosjektutvikling as

Halbrendsøyra 2, Førde • Telefon: 57 72 17 00



Har du ikkje gass som energikjelde i bedrifta di?
Vi gjev deg gjerne nokre gode grunnar til å gjere noko med det.

Mykje å spare

Alle bygg som har olje/elektrisk-kjel burde snarast vurdere å gjere noko med det.

– Gasskjel kan erstattar både elektriske og oljekjelar, og er eit veldig godt produkt for industrien. Det gjev høgare effektgrad, betre utnytting av energien og dermed mindre utgifter for bedrifta, seier Løbø. – I tillegg til at miljøet har det betre enn med olje.

Høver for dei fleste

– Kven er kundane for eit slikt produkt?

– Alle offentlege og private bygg som treng oppvarming bør vurdere gasskjel som energikjelde. Ein gasskjel kan også nyttast opp imot ventilasjonsanlegg, der ein med enkle grep konverterer varmebatteriet til

vassbore batteri, fortel Løbø. – Her kan ein spare ekstra utgifter i samband med toppar på straumforbruk.

Miljø

Løbø gjev raskt gode miljøårsaker til å ty til gass.

– Gass er det reinaste fossile brennstoffet vi har, noko som gjer gassen til framtidas energikjelde: Rein forbrenning, lite utslepp av sot og partiklar og andre avfallstoff – i motsetnad til olje, som har høge NOx verdiar og utslepp av CO₂. Gass slår olje på alle felt.

Strålevarme

Strålevarme er eit nytt og veldig lovande

produkt på den norske marknaden.

– Strålevarme er ein særstak måte å tenke oppvarming av lagerbygg, industrihallar, verkstadlokale, terminalar, produksjonslokale og andre slike typar bygg, seier Løbø og forklarar kvifor.

– Det vi snakkar om her er såkalla soneoppvarming, der ein varmar opp den delen av bygget ein har behov for varme i. Dermed slepp du å varme opp heile hallen, berre for å få varme i den vesle delen der folk står og jobbar, eller andre faktorar som krev varme, seier han og lover gode innsparingar. – Innsparingane på eit riktig kalibrert anlegg med strålevarme er store. Vi snakkar om innsparingar på 50-60 prosent, i ekstreme tilfelle kanskje så mykje som 90 prosent, seier han.

Import

Eit av forretningsområda til Gas Tech er import av tankar og anna utstyr til gassanlegg.

– Gjennom den italienske leverandøren Plinoxotar tek vi inn gasstankar i alle storleikar: frå den vesle tanken du treng på hytta, til den store industrikanten, seier Løbø og held fram.

– Frå leverandøren Cotrako importerer vi alle «dingsar» som ein gassinstallasjon består av: regulatorar, fordamparar, skap, gassmålarar, osv. Tanken er å bygge opp denne biten av verksamda mot grossistnivå, slik at vi kan bygge opp eit nett av forhandlarar, avsluttar Løbø.



Endre Johnsen leverer gass til våre kundar i Sogn og Fjordane samt Møre og Romsdal.

Westre Eiendomsselskap AS valde Gas Tech

Westre Eiendomsselskap AS er ein del av Westregruppen – eit selskap som driv med utbygging og utleie av eigedomar, med base i Ålesund. Selskapet starta på 60-talet, og har blitt ein stor utbygger. Målsetnaden er å bygge ut mellom 80-100 bueiningar i året.

I arbeidet med sitt siste prosjekt valde Westre Eiendomsselskap å bruke Gas Tech som hovedleverandør av gasspeisar.

– Vi held på å bygge ut 24 seinorbustadar i prosjektet Hatland i Ålesund. I tilknyting til dette prosjektet bygde vi ti leilegheiter med gasspeis, levert av ein lokal leverandør. Dette fekk vi veldig god respons på, så vi hadde lyst å halde fram med gass som energikjelde, seier Jan Opsal i Westre Eiendomsselskap. – I tillegg var sjølv sagt miljø ein faktor vi tok med oss i avgjerda.

– Kvifor valde de gass som energikjelde til Hatlane?

– Vi hadde lyst å prøve det. Vi håpar og trur det skal vere med på å heve prisene på bustadane, og gjere salsjøbbene lettare. Vi har ikkje kalkulert inn vinst i kroner og øre, men vi har tru på at det skal heve salsvarden og statusen til bustadane, seier han.

– Kvifor brukar de Gas Tech som hovedleverandør på gassbiten av prosjektet?

– Det er tydeleg at dei har god greie på det dei driv med, det er ein viktig faktor. Og så hadde dei ein god pris. Kombinasjonen gjorde at vi valde dei, seier Opsal. – Så langt har vi eit veldig godt inntrykk av Gas Tech. Dei har gjort ein skikkeleg jobb, og vi kvir oss ikkje på å bruke dei på nye prosjekt om høvet byr seg, avsluttar Opsal.



INDUSTRI

**GAS TECH SKREDDARSÝR LØYSINGAR FOR DINE BEHOV**

Ingen prosjekt eller bedrifter er helt like. Alle har sine ulike behov som skal tilpassast når ein installerer eit gassanlegg. Gas Tech skreddarsyr alle typar anlegg anten det er opp mot prosessindustrien, som brukar gass til produksjon, eller andre typar industri der ein nyttar gassen til oppvarming.



BoligPartner har fire husserier.
Store bildet: Milano fra Quadra-serien. Over til venstre: Alvheim fra Nostalgi-serien og til høyre Toscana fra Moderne-serien. Til venstre: Sagatun fra Herskapelig-serien.

Les mer om våre hus på
www.boligpartner.no

Bestill vår prisbelønte
huskatalog på
www.boligpartner.no

KVALITET OG DESIGN - HÅND I HÅND!

BoligPartner har 4 unike husserier som alle har sine særegenheter. Alle seriene har sine spesialdesignede detaljer som gjør at våre hus skiller seg ut i mengden. Felles for alle husseriene er en omfattende leveranse med høy kvalitet - og alle bygges med vår lavenergistandard uten tillegg i prisen. Husene våre har gode og moderne planløsninger - flere med walk-in closet som vi vet mange ønsker seg. Om ønskelig kan våre hus tilrettelegges for bruk av gass til oppvarming.

- husene folk snakker om
BoligPartner

Dvergsdal og Sunde AS

Telefon 57 72 70 44
forde@boligpartner.no

EG BRUKAR GASS

1 Kvifor valde du gassinstallasjon?

2 Kor fornøgd er du med gass som energikjelde?

Bjarte Bruland

Gasspeis og grilluttak,
Førde Terrasse.



1 Det var standard på leilegheita eg kjøpte. Noko eg er glad for sidan det er ei veldig grei løysning.

2 Gasspeisen ser jo veldig bra ut. Det vert fort varmt i leilegheita, og eg brukar kun det som oppvarming.

Geir Arild Hoff

Privathus på Bringeland med gasskjel for oppvarming av golvarme og forbruksvatn, samt koking på kjøkken.



1 Eg såg på det som ei god løysning i forhold til koking og mattlagning. Eg ville ha eit oppgåande alternativ til elekrisitet på varmtvatt og golvarme.
2 Ja, det har fungert godt til no. I samband med det vesle problemet eg hadde, sto Gastech veldig på for å løyse det.

GASSVETTREGLANE

Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap har saman med gasselskapet arbeidd grunnleggande reglar for bruk av gass:

- 1.** Propanbeholderane må aldri plasserast under terrengnivå, til dømes i kjellarrom. Hugs at propan i gassform er tyngre enn luft.
- 2.** Propanbeholderar skal alltid stå oppreist, og må aldri utsetjast for unormal oppvarming eller sterk solvarme.
- 3.** Ver på vakt mot propanlekkasjar. Gass som lek ut kan gjøre lufta eksplosjonsfarleg og kan antennes av for eksempel open ild, glødande tobakk eller elektrisk gnist.
- 4.** Finn eventuell lekkasje snarast mogeleg ved å pensle konsentrert såpevatn på slangar og rørforbindingar. Når gasstrykket vert sett på vil såpebobler danne seg på lekkasjesteden.
- 5.** Bruk kun slangar for LPG/propan. Sprukne eller defekte slangear må skiftast straks. Største lovlege slangelengde er 1,5 meter. Bruk slangeklemmer.
- 6.** Hald alltid ei tent fyrtikk klar når apparatet vert opna. Steng for gassen ved beholderen når anlegget ikkje er i bruk, og hugs å kople ifrå regulatoren ved lengre tids fråver.
- 7.** Steng for gassen ved beholderen og bring om mogeleg beholderen til ein trygg stad dersom det oppstår brann.
- 8.** Hald alltid apparat og beholder i god stand, men ikkje prøv sjølv å reparere skader eller defektar som oppstår. La propanforhandlar gjere kontroll og eventuell overhaling av apparat og anlegg med jamne mellomrom.
- 9.** Studér monterings- og bruksanvisning nøye før apparat og anlegg vert teke i bruk. Spør forhandlaren dersom det er noko du er i tvil om.

Kilde: dsb.no



Her blir gassen komprimert til rett trykk.



På rekke og rad. BRC produserer kvalitetskompressorar for verdsmarknaden.



Flaskebank.

Kompressorar

Det er lett å kvile på sine laurbær, spesielt når du er ein leiande aktør i ein global marknad.

Men BRC har planar om å bli betre. Ei av satsinga er på kompressorar.

Etter nokre år med forsking og utvikling byrja utviklinga å skyte fart.

– Vi selde 50 slike kompressorarar i fjar. I år er målet 100, smiler Fabrizio og viser fram produksjonshallen. Fem kompressorarar er på ulike stadium av sin fødsel.

– Kvar slik kostar mellom 2,5 millionar og 10 millionar kroner, seier Kolstad og forklarar kva ein slik kompressor gjer.

– Det er rett og slett ein kompressor for fyllestasjonar for CNG (komprimert naturgass). Som namnet tilseier komprimerer dei naturgass, som ein så fyller på bilen via ein dispenserstasjon. Ein kan anten kople stasjonen rett på gassnettet, eller frå ein

transportabel flaskecontainer. I begge tilfelle syt kompressoren for at gassen får det rette trykket, seier han. – I våre auge er dette også dei beste kompressorane på marknaden legg han smilande til. – Dei held utruleg høg kvalitet.

Fabrizio viser rundt i dei gigantiske halane som strekk seg katedralaktig mot himmelen ved sidan av kompressorproduksjonen.

– Her skal vi snart i gang med produksjon av kompressorarar også, og då slår vi ned veggen mellom lokala, seier han.

Framtida

Kolstad har stor tru på kompressorane.

– Fram til nyleg har det ikkje vore noko marknad for slike stasjonar i Norge, men no er etterspurnaden etter fyllestasjonar for biogass byrja. Fokuset på miljø er stort, det legg til rette for alternative drivstoff. Biogass står fram som det beste vi har. Potensialet er enormt. Det er berre å sjå til Sverige, der skal det vere 500 fyllestasjonar

i løpet av dei neste to åra. Om myndighetene kjem på bana er potensialet stort i Norge også. I Sverige dekker myndighetene f.eks. 30 prosent av kostnadane til fyllestasjonar, og støttar ombygging av bilar til drift på biogass med 10 000 kroner.

I Sverige er det også gratis parkering til miljøvennlege bilar, gratis bompassering og 40 prosent avskrivning på firmabilskatt, seier Kolstad og held fram. – Heile Europa har slike tiltak, men ikkje Norge. Trass i at vi har alle ressursar som skal til, inkludert produksjon av naturgass. Likevel blir det ikkje gitt pengar til dette per no. Men vi håpar det blir politisk fokus på det mest miljøvennlege drivstoffet vi har framover, smiler han.

Og lover at Gas Tech satsar.

– Vi i Gas Tech satsar på biogass med fyllestasjonar frå BRC. Målet er å selje 1-2 slike anlegg i år, vi har byrja på salsarbeidet opp mot den svenske og norske marknaden, avsluttar han.



Båt – billeg med gass

Du har sikkert hørt mykje om gass som energikjelde i bustaden din, eller drivstoff på bilen. Men som ein nyleg kunne lese om i ei sak om Gas Tech i Norges største avis, VG, så kan du faktisk halvere drivstoffutgiftene på båten din ved å velje å bygge om til gassdrift.

Ein liter gass kostar cirka fem kroner, med andre ord godt under halve prisene av bensin. Ei ombygging kostar mellom 30-40 000 kroner for ein båt med bensinmotor, og så kan ein rekne med 20 prosent auke i forbruket. Det betyr at du sparar om lag femti prosent på drivstoffet. Du sparar lommeboka, og miljøet, sidan gass gjev langt lågare utslepp enn bensin.

Det er på veg fyllestasjonar på Vestlandet og i Oslofjorden.

Gasspeis.....

Stilren stemning.....

.....lun varme

RPT Gass as
Jærveien 106, 4318 Sandnes
Tlf 51 60 80 10
gass@rpt.no - www.rpt.no

RPT GASS

NORDBOHUS KOLLEKSJONEN

Vi tek og på oss ombygging, rehabilitering, påbygging o.l. Besøk vår kjøkkenutstilling før du bygger nytt eller pussar opp.

Dremme™ KJØKKENET
FRA BALLINGSLØV

NOREMA
VI finner kjøkkenet du savner

Sjå Nordbohus-kolleksjonen og bestill vår store huskatalog på www.nordbohus.no
Sjå og vår oversikt over tomter og bustader for sal.

NORDBOHUS

NORDBOHUS SGN
Almenningen • Postboks 486 6853 Sogndal Tlf. 57 67 23 44
olav.helge.ylvisaker@sogn.nordbohus.no



Gas Tech på messe

Du finn ikkje Gas Tech berre på hovudkontoret i Førde eller verkstaden i Oslo. Vi er ivrig til stades på dei fleste bransjemesser: Du finn oss på Gatebil-messa, Autofilmessa, Motorfestivalen, Båter i Sjøen og andre messer som blir haldne i Norge. I fjor var vi også på Bil 07, som var den største messa til no i Norge.

Biogass – framtidas drivstoff

AGA har 104 års erfaring innan gass, og har sterkt tru på framtidens biogass som drivstoff. Saman med Fredrikstad Biogass jobbar dei for å fremme biogass i Norge.

– Kva er biogass?

– Biogass er rett og slett gassen som vert produsert ved utrotning av matavfall, avløpsslam, gjødsel og planterestar. Du kjenner den under namnet metan. Det er ein fornybar ressurs, som ikkje produserer meir CO₂ enn den som allereie er i lufta. Biogass er såleis det mest miljøvennlege drivstoffet på marknaden, slår John Melby (lite bilet) i AGA AS fast og held fram med gode grunnar til å fremme biogass i Norge.



Tankane er godt verna og ekstremt slitesterke. I tillegg er biogass lettare enn luft, så om noko skjer stig gassen raskt bort til ufarleg sfære, seier Melby. – Biogass er lettare å handtere enn diesel og bensin.

Sjå til Sverige

Til no er det berre eit anlegg som produserer biogass i Norge: Fredrikstad Biogass AS, som i samarbeid med AGA jobbar for å produsere, distribuerer og marknadsfører Biogass som miljøvennlig drivstoff for transportsektoren. Ein lang veg ligg føre dei, men Sverige viser veg.

– Biogass har vore lite utnyttet i Norge til no, men i Sverige har dei komme langt. Dei har over 80 stasjonar til no, målsetnaden er om lag 500 i 2010, seier Melby. – Stockholm-området er ein forsmak på kva vi kan få til. Der er det cirka 20 stasjonar i drift, og tre til under planlegging, seier han.

Han er sikker på at biogass har ei stor framtid i Norge.

– Vi er visse på at vi berre har sett starten på biogass-eventyret i Norge. Dette er framtidens drivstoff. Det ligg store ressursar der og ventar på å bli teken i bruk, seier han.

– Om vi tek med hushaldsavfall, kloakkslam, landbruk, slakteri og industriavfall kan ein dekke 25 prosent av drivstoffforbruket i Norge gjennom biogass. Det er mykje CO₂ spart.

– Kva må til for å fremme biogass?

– Myndighetene må gje incitament for bruk av miljøvennlig drivstoff: I Sverige har myndighetene kome på bana, det har verke-



Fredrikstad Biogass produserar, distribuerar og marknadsfører og biometan som miljøvennlig drivstoff for bil, buss og lastebiler.

leg sett fart i utviklinga. Der får ein subsidiert 30 prosent av kostnadane til slike anlegg. I Norge kan ein få opp til 18 prosent, men det er ikkje lett å få, seier han. – Vi må rett og slett ha politisk semje om at dette er noko vi har lyst å få til.

Få på plass brikker

Det er mange viktige område dei treng jobbe mot.

– Vi må bygge marknaden. Det snakkar vi med folk som Gas Tech, som har erfaring innan naturgass. Vi er også i dialog med oljeselskapet, som sit på eksklusive stasjonområde. Vi håpar å få på plass den første biogass-stasjonen i løpet av året, i Fredrikstad. Kanskje også Asker og Bærum. Den viktigaste jobben no er å få tak i gass. Vi er i dialog med fleire aktørar. Alle større norske byar er jo potensielle leverandørar av biogass, slår han fast og held fram.

– Vi jobbar også opp mot Transnova. Det

er eit statleg program eller prosjekt som skal arbeide for meir miljøvennlege transportløysingar. Transnova er ein del av klimaforliket, og det er bestemt at det skal avsettes 50 millionar kroner pr. år i minst tre år frå 2009 til prosjektet. Midlane skal ikkje brukast på infrastrukturprosjekt, men til å auke bruken av alternative drivstoff,

Fakta om Biogass

- 1 kubikkmeter biogass – 9.8 kWh
- 1 liter bensin 8.8 kWh
- Ein kubikkmeter biogass tilsvrar cirka 1.1 liter bensin.
- Biogass antenner ved 540 grader celsius, bensin ved 228 grader og diesel ved 260 grader.
- Biogass er 45 prosent lettare enn luft.

Smart billån

1%
renterabatt

Vi ønskjer å stimulere kundane våre til å gjøre miljøbevisste val.
Difor tilbyr vi 1 prosentpoeng rabatt på lån til bil med lågt CO₂-utslepp.

Er du smart, tek du ansvar for å redusere CO₂-utsleppet samstundes som du får eit rimelegare billån* og ein drivstoffgjerrig og avgiftsgunstig bil.

*med salspant

sparebanken
sogn og fjordane

HYTTE

UNN DEG DET BESTE NÅR DU ER PÅ HYTTA

Solstrømpakker

- Solcellepanel på 75W eller 130W
- 125At syrefylt batteri eller 195At 100% vedlikehaldsfritt batteri
- Gamma styringsstavle med maks 12A effekt eller avanserte Beta styringstavle med maks 20A effekt og oversiktlag LCD-skjerm
- Utstyrspakke med stikkontaktar, leidningar, koplingsbokser, støpsel, lamper osv

FRÅ
KR 9.990,-

Solstraumbatteri 195At

- 100% vedlikehaldsfritt syrebatteri
- Calcium silver teknologi, som øker batteriets levetid og garanterer god effekt sjølv ved ekstrem kulde
- Lagrar solenergi effektivt over lange perioder
- Ekstra lang levetid

KR 2.990,-

Bordkomfy

- 4 gassbluss og gass i steikeomn
- Termostat i steikeomn - noko som gjev jenv varme og eit godt steikeresultat
- Flammesikring både på gassbluss og i steikeomn

KR 2.490,-

KJØLSESKAP S105GE

- Kan drivast med gass og straum
- Ekstra god isolasjon gjev lågt gassforbruk
- Flammesikring og piezotennar
- Elektrisk- og gasstermostat
- Kapasiter på 103 ltr, inkludert 12 ltr frøys.

**Kampanjepris frå
KR 5.990,-**

HYTTEDUSJ SAMANLEGGBAR

- Størrelse: 80x80x206cm
- Sammenleggbar - heng øvre ramma opp i ein krok i taket.
- Leverast komplett med 12v pumpe, regulerbar handdusj, bunnventil og avløpsrør
- Pumpa kan koplast til 12v, frå solstraum eller batteri

KR 3.590,-

VINDVIFTE

- Materiale i aluminium og rustfritt stål
- Gjev effekt ved det minste vindpust
- Passer til 77mm og 110mm rør

KR 1.790,-

KOKEAPPARAT ØKONOMI



- 3 bluss i kvit emalje
- Leverast med lok som beskytter veggen mot feittsprut
- Flammesikring

KR 1.290,-

KRABBEKOKAR QUARTS 2



- Maks effekt på 9,2kW
- Ekstra solid utførelse med ramme i sortlakkert stål og brennar i støypejern
- Til utandørs kokning av krabber, kreps, toddy, gløgg, pølser osv
- Med flammesikring

KR 990,-

KOKETOPP WOKBLUSS 30 CM



- 3,5kW kraftig wok-bluss - trippel ringbrennar
- Elektrisk tenning og flammesikring

KR 1.990,-

KOMFYR BASIC

- Basic modell i 50x60cm og 4 gassbluss
- Emaljerte kokerister og lok
- Flammesikring på alle bluss
- Oppbevaringsplass under steikeomnen

KR 3.990,-

KOMFYR DELUXE

- 50x60cm og 4 gassbluss
- Grill og plass til 12 volts pære i steikeomn
- Emaljerte kokerister og glaslok
- Flammesikring på alle bluss
- Oppbevaring under steikeomnen

KR 4.490,-

KOMPOSTSTRØ

KR 199,-

HYTTETOALETT TARA ØKOMATIC

- Løysninga for hytter som ikkje har straum eller innlagt vatn
- Komposterer avfall luktfritt og miljøvennleg
- Effektiv behandling av overskuddsvæske
- Stor kapasitet: 200 besøk med fast avfall
- Leverast med varmesete som standard

KR 4.690,-

HYTTEKJELE MED TAPPEKRAN

- Rommer 26,5 liter
- Praktisk til å smelte snø og varme vatn



**TILBOD
KR 690,-**

VASSVARMAR

- Maks kapasitet på 5ltr pr. min.
- Kapasitet som auker vasstemperaturen med 25 grader ved gjennomstrøming på 3,4ltr varmt vatn pr minutt
- Kan også betjene fleire dusj i samme rom
- Leverast komplett med tappetut og kranar for varmt og kaldt vatn



KR 3.290,-

GASSOMN INFRAVARMER

- Lynrask varmefekt på heile 4,2kW
- Tre varmetrikk: 4,2kW - 2,4kW og 1,4kW
- Flammesikring og atmosfærisk sikring som automatisk stenger gasstilførsel dersom flammen skulle sløkne eller oksygeninnhaldet i rommet skulle bli for lågt
- Ordinær pris KR 1.590,-



**Fast lavpris
KR 999,-**

GASSOMN FJERNSTYRT

- Finst i 3 størrelser: 1,9kW, 3,2kW og 4,6kW
- Startast trådlause med SMS frå mobiltelefonen
- Termostatregulering
- Leverast komplett med GSM sender/mottaker for fjernstyrting samt inverter for tilkoppling til hyttas solstrømanlegg
- Kan tilkoplast direkte til 230 V nettstraum (då brukast ikkje inverteren)
- Lukka forbrenningssystem der lufta vert henta utanfrå
- Vitte sørger for god ventilasjon av innelufta og ønskeleg.

FRÅ KR 13.999,-

Gas Tech leverandør for Norske Shell

Gas Tech er leverandør av fyllelitasjonar for Autogass, og har levert dei fleste av Shell sine fyllestasjonar.

Samarbeidet med Shell strekk seg eit godt stykke bak i tid, men det er spesielt dei siste åra talet på fyllestasjonar har auka kraftig.

– Gas Tech har bygd opp Autogass i Norge, og skapt miljøet for dette drivstoffet her til lands, med Shell som ein viktig partner. Vi leverer alle Shell sine fyllestasjonar, seier Kolstad, så langt 20 i talet. Dei første alt i 2000.

Det er no cirka 100 stadar du kan fylle gass i Norge. Talet på stasjoner har stige kraftig den seinaste tida og satsinga på fyllestasjonar blir stadig hardare.

– Shell Gas i samarbeid med Gas Tech, samt LPG Norge, leiar utbygginga av nye stasjonar i Norge. Vi leverer til bensinstasjonar, LPG Norge til private aktørar, seier Kolstad.



Ein av stadig fleire fyllstasjonar Gas Tech har levert til Shell.

Tilveksten av nye stasjonar gjer Autogass til vinnaren på marknaden for alternativt drivstoff.

– Det vert forventa at nærmere 50 nye stasjonar vil bli opna i 2008. Autogass er dermed det suverent raskast veksande alternative drivstoff i Norge, seier Kolstad.

HEIME

Ilve gasskomfy



- 90cm omn med 4 gassbluss og stekebord
- Vert levert anten med gass eller elektrisk steikeomn
- Effekt på gassbluss frå 1,8kW til 4,3kW
- valfri farge: stål, grafitt, burgunder, grøn, blå og antikk-kvit

KR 34.950,-

Gassbluss



- 70cm bluss i svart glas
- 5 bluss frå 1,0kW til 3,5kW
- Elektriske tenning og flammesikring på alle bluss
- Krev kun eit 60cm benkeskap for innbygging

Kampanjepris

KR 5.490,-

Gassbluss



- 70cm gassbluss i stål
- 5 bluss frå 1,0kW til 3,5kW
- Elektrisk tenning og flammesikring på alle bluss
- Krev kun eit 60cm benkeskap for innbygging

KR 4.490,-

Myggfelle



- Mosquito Magnet er eit hageprodukt til bruk heime eller på hytta som drastisk reduserer plager forbunde med mygg og andre stikkande insekt. I Mosquito Magnet-serien finst tre ulike modeller som dekker ulike område og ulike behov.

KR 5.990,-

Med etterhald om trykkfeil og prisjusteringar



GIR DEG VARMEN



Vitodens 200 - Ny kondenserende veggengt gasskjeler



Miljøvennlige, energibesparende og prisgunstig kondenserende propan- og naturgasskjeler.

Viessmann's egenproduserte Inox-radial-varmeverksler og Matrix-sylinderbrenner bidrar til en normnyttevirkningsgrad opp til 109% og sørger for et utvidet modulasjonsområde på 1:4

Den innebyggde Lambda Pro Control reguleringen muliggjør en automatisk tilpassing av forbrenningsprosessen til skiftende gasskvaliteter.



VITODENS 222-W

Høy bruksvannskomfort NL
1,5 som tilsvarer en 150 l
bereder



VITODENS 333-F

Parat Varme AS

For kontakt:

Matthias Ader	99 48 55 25	Salgsleder
Freddy Avdal	99 48 55 26	Distriktsjef Østlandet
Hallvard Trydal	99 48 55 03	Salg Midt/Nord-Norge



Lervik - N-4480 Kvinesdal
Tel.: 99 48 55 44
E-post: post@pva.no

VIESSMANN



VIESSMANN

varme du blir glad i ...



Gasspeis gir deg varme når du trenger det. Med termostatstyring av gasspeisen kan du spare mange penger og miljøet men alikevel ha det lunt og varmt når det passer deg og familien. Gasspeisene er utviklet for å møte kresne kunders ønske om komfort, brukervennlighet og eleganse- og for å skape en sikrere og sunnere bolig. **Vedpeiser i klassisk eller moderne design.** Alle våre vedpeiser er isolerte og kan bygges inn med brennbare materialer uten brannmur og uten at gulvet må forsterkes.

Peisselskabet Oslo
Henrik Ibsens gate 28
0255 Oslo
Telefon 22 55 63 63

Peisselskabet Stavanger
Salvågergata 3
4006 Stavanger
Telefon 51 59 80 50



www.peisselskabet.no



Førde Terrasse: Gas Tech har levert og installert gass-tank med rørføring til 50 kundesentralar montert på terrasse. Herifrå går det rør inn til hver leilegheit som forsyner gass til peis og kjøkken.



Lindbøen: Gas Tech har levert og installert gasstank med rørføring til 26 kundesentraler montert på terrasse. Herifrå går det rør inn til hver leilegheit som forsyner gass til peis og kjøkken.

Billegast på propan

Gas Tech er den leiande leverandøren av gassflasker i Sogn og Fjordane. Vi har ca 20 forhandlarar rundt om i Sogn og Fjordane som sel gassflasker frå Gas Tech. Som eit ledd i dette har vi vår eigen distribusjonsbil, som distribuerer flaskene til våre forhandlarar.



Vår hendige propanbil leverer gassflasker til våre forhandlarar.

UTEVARME

TERRASSEVARMAR BORDMODELL

- Maks effekt 5 kW
- Beskyttelsesnett rundt brennaren
- Utstyr med veltesikring
- Piezotennar og flammesikring



KR 995,-

TERRASSEVARMAR STANDARD

- Maks 12kW
- Friståande terrassevarmar med piezotennar og flammesikring



KR 1.790,-

TERRASSEVARMER EXCLUSIVE REFLECTOR

- Maks 11kW
- Terrassevarmar med reflektor som gjev inntil 25% betre varmeutnytting og lågare gassforbruk
- Utførelse i forkromma stål
- Medfølger hjulsett som gjør den enkel og flytte



KR 2.790,-

UTEPEIS/TERRASSEVARMAR

- Skapar stemning på terrassen din



KR 3.990,-

Med etterhald om trykkfeil og prsjusteringar